

Forskrift om vass- og avløpsgebyr, Sunnfjord kommune, Vestland

Heimel: vedteken av Sunnfjord kommunestyre 11. desember 2019 med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova) § 3 og forskrift 1. juli 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) § 16-1 andre ledd.

§ 1. Generelle føresegner

Kommunen sine abonnentar betaler for vass- og avløpstenester som kommunen leverer. Forholdet mellom abonnenten og kommunen er regulert av statlege lover og forskrifter samt av kommunale forskrifter og reglement. Dei viktigaste dokumenta er lista opp nedanfor:

- lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova)
- forskrift 1. juli 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta), kapittel 16
- gebyrregulativ for det aktuelle året
- standard abonnementsvilkår for vatn og avløp, tekniske og administrative føresegner
- kommunalteknisk VA-norm for Sunnfjord og Ytre Sogn
- leveringsvilkår i tråd med kommunen sin hovudplan for vatn og avløp
- retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester (H-3/14)

§ 2. Føremålet med forskrifta

Forskrifta fastset utrekningsmåte og gebyrplikt for kommunen sine vass- og avløpstenester.

§ 3. Definisjonar

I denne forskrifta tyder:

- a) Abonnent: eigar eller festar av eigedom som er tilknytt kommunen sine vass- og/eller avløpsanlegg, eller som er godkjend eller kravd tilknytt. I burettslag er burettslaget abonnent. I eigarseksjonssameige er kvar eigarseksjon abonnent.
- b) Eigedom: fast eigedom registrert med eige gards- og bruksnummer, eige festenummer eller eige seksjonsnummer i matrikkelen. Ein seksjon som er etablert i samsvar med lovgivinga om eigarseksjonar, blir rekna som ein sjølvstendig eigedom.
- c) Abonnement: avtale mellom abonnent og kommunen om vass- og avløpstenester gjennom tilknytning av sanitærinstallasjonar og private vass- og avløpsanlegg til kommunen sine vass- og avløpsanlegg. Det er ikkje ein føresetnad at avtalen er skriftleg. Avtale om tilknytning via privat fellesledning blir rekna som abonnement.
- d) Sanitærinstallasjonar: abonnenteigde røyr, installasjonar og utstyr innanfor huset sine ytterveggar som er tilknytt vass- og/eller avløpsanlegg.
- e) Privat vass- og avløpsanlegg: abonnenteigde private ledningar (stikkledningar) og utstyr utanfor huset sine ytterveggar som er tilknytt offentleg vass- og/eller avløpsanlegg.
- f) Avløpsvatn: både sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn.
- g) Bygg/bygning: konstruksjon/byggverk med eige bygningsnummer i matrikkelen.
- h) Brukseining: bygning eller del av bygning (lokale), til dømes bustad, kontor, verkstad og lager.
- i) Bueining: brukseining som er definert som bustad eller bueining i matrikkelen. Ei bueining må ha minst eitt rom og eigen inngang, og det må vere tilgang til vatn og toalett utan å gå gjennom anna brukseining.
- j) Bustad/bustadeigedom: eigedom med bygg som blir brukt til bustadføremål, medrekna fritidsbustad. Bygningstype 111–163 etter NS-3457.
- k) Fritidsbustad: bygg som er registrert som fritidsbustad i matrikkelen. Bygningstype 161–163 etter NS-3457.
- l) Kombinasjonseigedom: eigedom med ei eller fleire bueiningar, i tillegg til ei eller fleire brukseiningar som ikkje er bustad. Eigedom med ei eller fleire bueiningar i tillegg til ei eller fleire bygningar for fiskeri eller landbruk blir klassifisert som kombinasjonseigedom.
- m) Næringseigedom: eigedom som ikkje er bustad, fritidsbustad eller kombinasjonsbygg. Bygg for offentlege føremål blir rekna som næringsbygg.
- n) Bruksareal (BRA): bruksareal for eigedom som er registrert i matrikkelen og utrekna med utgangspunkt i NS-3940. Garasjar, uthus, anneks, utvendige buer og naust blir ikkje rekna med i bruksarealet for bustad- og kombinasjonseigedom. Bygningstype 181–183 etter NS-3457.
- o) Symjebasseng: Som symjebasseng reknast ikkje inn- og utvendige boblebad, badestampar og liknande med mindre fyllevolum enn 4 kubikkmeter vatn.

§ 4. Generell gebyrplikt

Plikta til å betale vass- og/eller avløpsgebyr gjeld følgende abonnentar:

- a) fast eigedom som er tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning, direkte eller gjennom privat samleidning
- b) eigedom som kommunen i medhald av plan- og bygningslova § 27-1 eller § 27-2 har kravd tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning

§ 5. Gebyrtypar

Gebyrtypane er:

- a) eingongsgebyr for tilknytning til høvesvis vatn og avløp
- b) årsgebyr for høvesvis vatn og avløp (sum av fast og variabel del)
- c) frammøtegebyr for avlesing av vassmålar
- d) gebyr for stenging og påsetting av vassforsyning

§ 6. Gebysatsar

Gebysatsane blir årleg vedtekne av kommunestyret og trer i kraft frå det tidspunktet kommunestyret bestemmer. Gebyra skal fullt ut dekke kommunen sine kostnader med levering av tenestene som denne forskrifta regulerer.

Gebysatsane går fram av gebyrregulativet og er tilgjengelege på kommunen sine heimesider.

§ 7. Metode for arealutrekning

Dersom gebyrutrekninga avheng av storleiken på bustaden, skal bruksarealet rekna etter NS-3940 danne grunnlaget for fastsettinga av gebyret.

§ 8. Tilknytingsgebyr

Tilknytingsgebyret er eit eingongsgebyr og blir betalt etter fastsette kategoriar i gebyrregulativet.

§ 8-1. Gebyrplikt

Abbonentar må betale gebyr for tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg i desse tilfella:

- a) ny tilknytning av eigedom
- b) tilknytning av eksisterande eigedom eller eigedom som kommunen krev tilknytt
- c) eksisterande eigedom med tilknytning som ikkje er godkjend
- d) anna permanent tilknytning til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg, f.eks. vatningsanlegg for landbruk, idrettsanlegg mv.

Dersom kommunen overtek private vass- og/eller avløpsanlegg, kan kommunestyret i kvart enkelt tilfelle avgjere om abonnenten skal betale eingongsgebyr for tilknytning, samt eventuell rabatt.

Abbonenten skal ikkje betale gebyr for tilknytning til vatn og/eller avløp i desse tilfella:

- e) seksjonering av allereie tilknytt eigedom utan at BRA for eigedomen er endra
- f) bygg som har mellombels tilknytning i opptil eitt år, til dømes brakkerigg (Dersom tilknytninga varer i meir enn eitt år, skal kommunen krevje tilknytingsgebyr.)
- g) særskild tilknytning av sprinklaranlegg

§ 8-2. Utforming av gebyra

For bustader skal eingongsgebyret for tilknytning utgjere eit fast beløp per bueining.

For næringseigedom skal eingongsgebyret for tilknytning utgjere eit fast beløp per brukseining som er tilknytt.

For kombinasjonseigedom må abonnenten betale gebyr for kvar del etter reglane over.

§ 8-3. Ansvar og betaling

Den som er abonnent på det tidspunktet gebyrplikta oppstår, er ansvarleg for betaling av gebyret.

Kommunen fakturerer gebyret etter gjeldande sats når igangsettingsløyvet blir gitt. For eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjend, skal abonnenten betale tilknytingsgebyr etter den satsen som gjeld når kommunen set fram kravet.

Tilknytingsgebyr skal vere betalt før tilknytning.

§ 9. Årsgebyr

§ 9-1. Gebyrplikt

Årsgebyr skal betalast for alle eigedomar som

- a) er tilknytte kommunalt vass- eller avløpsanlegg
- b) har fått pålegg om tilknytning i medhald av lov, og fristen for tilknytning er utgått

For nybygg reknar kommunen årsgebyret frå datoen då abonnenten får mellombels bruksløyve, eller frå datoen då eigedomen blir teken i bruk, dersom det ikkje er gitt mellombels bruksløyve. For eksisterande bygg reknar kommunen årsgebyret frå datoen for tilknytning.

Gebyrplikta er uavhengig av om det er utandørs tappepunkt/vasspost, eller om det er innlagt vatn.

§ 9-2. Oppbygning av gebyret

Årsgebyra for vass- og avløpstenester består av to delar:

- a) abonnementsgebyr (fast del)
- b) forbruksgebyr (variabel del)

Inntektene frå abonnementsgebyret skal dekke vass- og avløpstenesta sine forventede kapitalkostnader.

Kor stor del av årsgebyret den faste og variable delen skal utgjere, blir kvart år fastsett i gebyrregulativet.

§ 9-3. Abonnementsgebyr

Bustadeigedom og fritidsbustader skal betale abonnementsgebyr som ein fast sats per bueining.

Nærings- og kombinasjonseigedom skal betale abonnementsgebyr etter fastsette kategoriar som speglar vassforsyningskapasiteten til kvar enkelt eigedom. Kategoriane går fram av gebyrregulativet.

§ 9-4. Forbruksgebyr

Abonnentane skal betale forbruksgebyr etter målt eller stipulert vassforbruk i m³. Både kommunen og abonnenten kan krevje at forbruksgebyret skal fastsettast ut frå målt forbruk.

Kommunen gir ikkje nedsett forbruksgebyr for storforbrukarar av vatn.

Hovudregelen ved utrekning av forbruksgebyr er at avløpsmengda er lik vassmengda. Unntak frå dette står i § 9-7 fjerde ledd.

§ 9-5. Betaling etter målt forbruk

Forbruksgebyr etter målt forbruk skal betalast for

- a) næringsseigedom, medrekna bygg for offentlege føremål
- b) kombinasjonseigedom, medrekna eigedomar med ei eller fleire bueiningar i tillegg til ei eller fleire bygningar for fiskeri eller landbruk
- c) anlegg med varig eller mellombels tilknytning i samband med oppføring av bygg eller anlegg (Dette gjeld også for anlegg på ikkje-utbygd eigedom som kunne vore kravd tilknytt etter plan- og bygningslova § 27-1 eller § 27-2 dersom eigedomen hadde vore utbygd.)
- d) eigedom med symjebasseng

Desse eigedomane skal

- e) ha installert vassmålar
- f) lese av vassmålaren minst éin gong i året og levere resultatet til kommunen

For mellombelse tilknytningar kan kommunen fråvike kravet om vassmålar dersom vassmengda kan fastsettast på andre måtar. Dersom det ikkje er mogleg å installere vassmålar, kan kommunen fastsette eit stipulert forbruk.

§ 9-6. Betaling etter stipulert forbruk

Bustader som ikkje har vassmålar, skal betale forbruksgebyr etter stipulert forbruk.

Stipulert forbruk blir rekna ut frå bustadens bruksareal etter eit høvetal mellom bruksareal og vassmengd. Høvetallet går fram av gebyrregulativet.

For fritidsbustader skal faktoren for vassforbruk vere halvparten av faktoren for bustadeigedom.

For eigedom som etter § 9-5 skal ha vassmålar, men dette ikkje er installert, blir det rekna ut eit stipulert forbruk med utgangspunkt i eigedomens totale bruksareal.

Garasjar, uthus, anneks, utvendige buer og naust blir ikkje rekna som bruksareal for bustad- og kombinasjonseigedom.

§ 9-7. Reduksjon av eller tillegg til årsgebyr

Restriksjonar på vassforbruket, avbrot i vassleveransen eller i mottak av avløpsvatn gir ikkje grunnlag for reduksjon av gebyra.

Fråflytting eller fråvære gir ikkje grunnlag for reduksjon av gebyra. Dersom bustaden/bygget på eigedomen er fjerna eller ikkje kan brukast på grunn av øydelegging, må abonnenten betale årsgebyr inntil stikkledninga er fråkopla (plugga) ved hovudledninga.

Abonnenten kan søke kommunen om å få fritak for årsgebyret når eigedomen fysisk blir fråkopla kommunalt leidningsnett. Abonnementet tek slutt når kommunen har fått melding om plombering. Ny tilknytning av eigedomen utløyser ikkje ny betaling av eingongsgebyr for tilknytning. Både arbeidet med fråkopling og ny tilknytning blir utført for abonnenten sin kostnad og etter kommunen si tilvising. Om kommunen utfører stenging eller påsetting av vassforsyninga, må abonnenten betale eit gebyr for dette. Gebyret går fram av gebyrregulativet.

For eigedom som ikkje blir brukt som bustad, og der avløpsmengda er vesentleg større eller mindre enn vassforbruket, kan avløpsgebyret bli rekna ut frå målt avløpsmengde, eller bli fastsett etter særskild avtale med kommunen.

For eigedom der samansettinga av avløpsvatnet avvik frå vanleg hushaldsavløp og verkar fordyrande på drift og vedlikehald av kommunen sine avløpsanlegg, kan kommunen fastsette eit tillegg til avløpsgebyret for å dekke meirkostnadene. I slike tilfelle inngår kommunen og abonnenten ein separat avtale.

§ 9-8. Gebyrreduksjon i medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag

I medhald av forbrukarkjøpslova sine reglar om prisavslag har abonnenten rett til reduksjon i gebyr (prisavslag) ved feil på eller mangel ved vassforsyninga. Abonnenten har rett til redusert forbruksgebyr dersom ikkje-varsla avbrot i vassforsyninga varer i meir enn 24 timar.

Vilkåret for gebyrreduksjon er at mangelen skuldast forhold på kommunen si side, til dømes forureining i vasskjelde eller feil ved kommunalt anlegg. Kommunen pliktar å bidra til å avklare ansvarsforholdet.

Generell tilråding om koking som trygggleikstiltak etter trykkfall som følge av reparasjon, spyling, brannsløkking mv. gir ikkje gebyrreduksjon.

Abonnenten må fremme krav om redusert gebyr innan to månader etter at forholdet oppstod, dersom ikkje kommunen har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon.

Sats for gebyrreduksjon blir fastsett i gebyrregulativet.

§ 9-9. Pålegg om utbetring

Dersom kommunen må sette i verk tiltak fordi ein abonnent har unnlate å etterkomme pålegg om å utbetre lekkasjar på eigedomen si vassledning eller manglar ved avløpsanlegg eller sanitærutstyr, kan kommunen krevje å få dekt alle kostnader som har direkte samanheng med tiltaket. Ved omlegging eller utbetring av avløpsleidingar kan kommunen krevje at eigar av tilknytt stikkledning set i verk tilsvarande omlegging eller utbetring.

Ein abonnent som unnlèt å etterkomme pålegg om utbetring av lekkasjar som medfører forureining, kan få krav om tvangsmulkt etter forureiningslova § 73.

§ 9-10. Ansvar for opplysingar om abonnement

Abonnenten skal melde frå til kommunen om endringar i abonnementsforholdet. Inntil kommunen har fått melding og oppdaterte abonnementsdata frå matrikkelen, skal abonnenten betale årsgebyr som tidlegare.

§ 9-11. Ansvar for gebyra

Abonnenten har ansvar for betaling av årsgebyret, uansett om gebyrkravet er retta mot abonnenten eller annan rekningsmottakar.

Abonnentar som samarbeider om felles vass- eller avløpsmålar, er solidarisk ansvarlege for gebyra. Gjeld slikt samarbeid eit sameige etter eigarseksjonslova, er kvar abonnent ansvarleg for ein del av gebyret i samsvar med sin eigarpart, dersom ikkje anna fordeling er fastsett i sameigets vedtekter eller bindande vedtak i sameiget.

§ 9-12. Retting av feil gebyrutrekning

Har mangelfulle eller feil opplysingar ført til feilaktig gebyrutrekning, skal kommunen rette opp utrekninga og gjere opp differansen. Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, blir normalt ikkje dekte.

§ 10. Føresegner for installasjon og bruk av vassmål

Føresegnene for vassmålalar gjeld på same måte for eventuelle avløpsmålalar. Føresegnene gjeld for vass-/avløpsmålalar med fjernavlesing så langt dei passar.

§ 10-1. Installasjon

Kommunen bestemmer kor mange vassmålalar kvar enkelt eigedom skal ha, og dessutan vassmålarens type, storleik og plassering.

Kommunen skal godkjenne den som skal stå for installasjon og vedlikehald samt eventuell flytting, utskifting eller fjerning av målar.

Abonnentar kan samarbeide om felles vassmålalar viss det vil vere særleg kostbart å installere eigen målar for kvar eining. Årsgebyret blir då fordelt på abonnentane etter reglane i § 9-11 andre ledd.

For ny eigedom skal pålagd vassmålalar vere installert seinast når kommunen gir mellombels bruksløyve eller eigedomen blir teken i bruk, og for eksisterande eigedom når han blir tilknytt. Dersom dette ikkje blir gjort, må abonnenten betale stipulert årsgebyr etter § 9-6.

For installasjon og bruk av vassmålalar gjeld elles kommunen sine tekniske føresegner.

§ 10-2. Eigardforhold og kostnader

Kvar enkelt abonnent eig sjølv vassmålaren og kostar sjølv installasjon, drift og utskifting av vassmålaren.

§ 10-3. Avlesing av vassmål

Abonnenten skal lese av vassmålaren så nær fastsett tidspunkt for avrekning som mogleg og sende resultatet til kommunen innan fastsett frist. Tidspunkt for avlesing blir fastsett i gebyrregulativet.

Viss ikkje abonnenten les av vassmålaren, kan kommunen etter purring fastsette årsgebyret etter skjønn. Kommunen kan dessutan sjølv sette i verk avlesing utan ytterlegare varsel til abonnenten og krevje særskilt gebyr for dette.

§ 10-4. Tilsyn og vedlikehald

Abonnenten skal halde vassmålaren lett tilgjengeleg for avlesing, tilsyn og vedlikehald.

Abonnenten skal føre tilsyn med vassmålaren. Abonnenten er også ansvarleg for å følge med på forbruksutviklinga, slik at lekkasjar eller feil blir oppdaga snarast mogleg. Blir ein vassmålalar skadd eller går tapt, skal abonnenten straks melde frå til kommunen. Broten plombering av vassmålaren blir også rekna som skade.

Kommunen kan føre tilsyn med vassmålaren. Kontrolløren frå kommunen skal legitimere seg utan oppmoding.

§ 10-5. Nøyaktigheitskontroll

Både kommunen og abonnenten kan krevje nøyaktigheitskontroll av vassmålaren.

Dersom kontrollresultatet ligg utanfor feilmarginen etter § 10-6, blir det utført ei justering, eventuelt utskifting av vassmålaren, utan utgifter for kommunen.

Dersom abonnenten har kravd nøyaktigheitskontroll og det ikkje blir påvist feil utanfor feilmargin, må abonnenten betale kostnadene med kontrollen.

§ 10-6. Avrekning ved feilmåling

Dersom vassmålaren ved kontroll viser meir enn 5 % for høgt forbruk, har abonnenten krav på tilbakebetaling av for mykje betalt årsgebyr som følge av feilmålinga. Er plomberinga broten, har abonnenten ikkje krav på tilbakebetaling.

Tilbakebetalinga blir rekna frå det tidspunktet ein legg til grunn at feilen må ha oppstått.

Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, blir ikkje dekte.

Viser vassmålaren meir enn 5 % for lågt forbruk, har kommunen krav på tilleggsbetaling etter tilsvarande reglar.

§ 10-7. Utskifting og flytting

Er målenøyaktigheita for dårleg, bestemmer kommunen om vassmålaren skal justerast eller skiftast ut. Når vanleg levetid for ein vassmålalar er nådd, kan kommunen bestemme at vassmålaren heilt eller delvis skal skiftast ut.

Kommunen kan krevje flytting av vassmålalar som er plassert i strid med kommunen sine krav til plassering. Abonnenten må koste slik flytting.

§ 11. Innbetaling av årsgebyr

Forfalle krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedomen etter pantelova § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

§ 11-1. Innbetaling

Abonnementsgebyr og forbruksgebyr blir innkravd på felles faktura.

Målt vassforbruk skal lesast av minst éin gong per år. Forbruksgebyret skal betalast à konto basert på forbruket året før. Avrekning skjer fortrinnsvis på 1. termin (faktura) året etter. Dersom abonnenten sitt vassforbruk har endra seg vesentleg frå siste målaravlesing, kan kommunen endre à konto-beløpet.

Faktura blir sendt til abonnent eller til annan rekningsmottakar etter skriftleg avtale.

Eigedomar som har felles vassmålar og har avtalt med kommunen at dei skal ha felles faktura, blir fakturerte via ein eigar/festar av eigedomen eller avtalt rekningsmottakar.

Kommunen krev inn årsgebyra over eit tal terminar som blir fastsett i gebyrregulativet. Det er ikkje høve til å avtale avvikande tal termininnbetalingar.

§ 11-2. Manglande innbetaling

Dersom årsgebyret ikkje er betalt innan ein månad etter at abonnenten har fått andre gongs varsel om innbetaling, kan kommunen stenge den kommunale vassforsyninga til eigedomen så framt kommunelegen ikkje motset seg avstenginga.

Kommunen kan pålegge abonnenten eit gebyr i samband med stenging og påsetting av vassforsyninga. Gebyret går fram av gebyrregulativet.

§ 12. Klage og omgjering

Det er ikkje høve til å klage på gebyr som er fastsett i kommunen sitt gebyrregulativ, jf. forvaltningslova.

Abonnentar kan klage til ei særskild klagenemnd på enkeltvedtak som er gjort i medhald av denne forskrifta, jf. forvaltningslova § 28 andre ledd.

Abonnenten må betale gebyret innan forfallsdato sjølv om vedkommande har klaga på gebyrvedtaket.

§ 13. Ikraftsetting

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2020.

Frå same tid blir tidlegare forskrifter om vass- og avløpsgebyr i Førde, Jølster, Gaular og Naustdal kommune oppheva.